



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	17.10.2024 kl.18.00
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen, Rune Hjelmeseter, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Lars Severin Reiersen, Lars Edvart Larsen, Arild Steinsland
Fråvær:	Hildur Larsen, Kjell Gunnar Nymark, Rikard Stokkenes
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen før handsaming av sakene starta.

SR 94/24	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt: -Diakoniutvalet -Utlysing av stillingar i kyrkjelyden -Arrangement i kulturkyrkja. -Melding frå leiar Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 100/24.								
SR 95/24	Godkjenning av møtebok/referat frå møtet 17.09.24 Vedtak: Referatet frå møtet 17.09.24 blei godkjent								
SR 96/24	Gudstenester sidan sist (orientering) <table><tr><td></td><td>Prest</td><td>Kyrkjevertgr</td><td>Kommentar</td></tr><tr><td>22.9 (11)</td><td>Øyvind Heggland</td><td>2</td><td>Lite folk på gudstenesta. Streaminganlegget fungerte ikkje.</td></tr></table> Gudstenester fram til neste møte: - 20. oktober kl. 11:00 - 27. oktober kl. 11:00 – kyrkjelydsbasar, årsbok for 4-og 6-åringar. Dåp av nye konfirantar før gudstenesta. - 3. november kl. 11:00 – allehelgensdag - 10. november kl. 11:00 – konfirmantpresentasjon		Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar	22.9 (11)	Øyvind Heggland	2	Lite folk på gudstenesta. Streaminganlegget fungerte ikkje.
	Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar						
22.9 (11)	Øyvind Heggland	2	Lite folk på gudstenesta. Streaminganlegget fungerte ikkje.						
SR 97/24	Møte i utvala sidan førre møte (orientering) Fellesrådet: Møte i neste veke. Kyrkjevertgr: Har ikkje vore møte Trusopplæring: Har ikkje vore møte								

	Diakoniutvalet: Feil dato for grautdag var annonsert i Vestavind. 25 personar møtte, kunne nok vore fleire med rett dato i annonsa. Komite for kyrkjebasar: Hadde møte 18.sept. Sjå neste sak.
SR 98/24	Kyrkjelydsbasar 27. oktober – ansvar og oppgåver Kyrkjelydsbasaren blir arrangert årleg av sokneråda i Sveio til inntekt for born og ungdom i kyrkjelyden. V&F sokneråd har i år ansvar for tilrigging i forkant av basaren, medan Sveio sokneråd har ansvar for rydding etter basaren. Mange må bidra under basaren med åresal, rydding, oppvask, mm Basarkomiteen har ansvar for marknadsføring, gevinstar, planlegging, loddosal mm. Alle har ansvar for å invitera til basar f.eks på FB og elles munnleg overfor familie og venner. Me må skaffa gevinstar. Oppmøte for SR kl. 11:45 på soknehuset NB! Sveio SR må stilla med 8 kaker: Bente, Lars Severin, Anne, Leiv, Astrid, Rune, Hildur? Solfrid. Kaker, pølser og kaffe er gratis for basargjestene. Pris 20 kr pr. åre.
SR 99/24	Val av leiar og nestleiar i SR Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar. Dei bør veljast blant dei faste medlemmene i rådet, sjølv om det ikkje er noko formelt til hinder for at prest eller ein kyrkjeleg tilsett som eventuelt er vald inn i rådet, kan veljast. Leiaren og nestleiaren må veljast blant dei faste medlemmene i rådet. Leiar får godtgjersle på 8000 kr. i året for arbeidet. Forslag som kom fram etter drøftingar i møtet: Leiar: Rune Hjelmeseter Nestleiar: Leiv Rossehaug Ny fast representant i fellesrådet: Sigrund Breistig (erstattar RH) Ny vararepresentant i fellesrådet: Anne Vierdal Vedtak: Samrøystes som i forslaget.
SR 100/24	Eventuelt (Saker som blei meldt i sak SR 94/24): Diakoni: Utvalet ønskjer å ha til disposisjon ein «reklamebukk» som kan setjast oppe ved vegen når her er arrangement. Denne kan nyttast ved ulike arrangement på soknehuset. Arild tingar og rekninga skal betalast av SR. Utlysing av stillingar i kyrkjelyden:Kyrkjelydspedagog er utlyst som 70 % stilling. Det er viktig at våre medlemmer i fellesrådet er tydelege på at søkjarar som ønskjer høgare stilling, bør få høgare stillingsprosent. SR forventar elles at den merkantile stillinga ved kyrkjekontoret blir lyst ut snarast i 60%. SR ber om elles om tilbakemelding frå fellesrådet på brevet me sendte om

	stillingar etter førre møte i soknerådet. Arrangement i kulturkyrkja: Besøk i Valestrand 24.10. av forfattar Anita Østerbø. Informasjon frå leiar:Søndag 20.10 er det avskjedsgudsteneste i Stord kyrkje for prosten. Alle SR i Sunnhordland er inviterte. Sveio SR kjøper ei kringle til arrangementet. Innsetting av ny prost blir 19.januar med påfølgjande fest.
SR 101/24	Møtekritikk: Ingen merknader

Arild leia møtelyden i velsigning som avslutning på møtet.

Sveio, 18.10. 2024

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-